

Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 17/3524-10

## **Medlemsskap i Foreininga Verdsarven Urnes og tilhøyrande område**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune vert medlem av Foreininga Verdsarven Urnes og tilhøyrande område.

#### **Vedlegg:**

Referat frå Verdsarvrådet for Urnes stavkyrkje og tilhøyrande område sitt møte 8. januar med vedtak i sak nr. 04/2018

Vedtakter til Foreininga Verdsarven Urnes og tilhøyrande område

#### **Andre relevante dokument i saka:**

Verdsarvrådet for Urnes stavkyrkje og tilhøyrande område. Retningslinjer for arbeidet.

Referat frå møte i Verdsarvrådet for Urnes stavkyrkje og tilhøyrande område, 19. september 2017.

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Verdsarvrådet for Urnes stavkyrkje og tilhøyrandeområde er eit samarbeidsorgan for verdsarvminnet Urnes stavkyrkje og områda i kring. Rådet skal syte for godt samarbeid om oppfølging av verdsarvstatusen og ivaretaking av verdsarvminnet sine eineståande universelle verdiar.

Rådet skal mellom anna arbeide med mobilisering av ressursar til gjennomføring av tiltak som er i tråd med intensjonane for verdsarvarbeidet, og for ivaretaking og utvikling av tilhøyrande område. Rådet skal og fremje og sikre samarbeid, samordning og informasjonsutveksling mellom lokale, regionale og nasjonale aktørar i regionen. Verdsarvkoordinator har ei nøkkelrolle i det utøvande arbeidet for rådet, og er ein ressurs til innbyggjarane i samband med ulike prosjekt som er initiert lokalt.

Verdsarvrådet er eit rådgjevande organ, og har m.a. ikkje eit eige organisasjonsnummer. Dette har synt seg utfordrande i høve til verdsarvkoordinator sitt arbeid med å følge opp og få gjennomført ulike prosjekt. Rådet har drøfta denne problemstillinga to gonger, i sitt møte 19. september 2017 og i møte 8. januar 2018.

I møtet 19. september 2017 var det lagt fram eit drøftingsframlegg til ulike formar for organisering av det utøvande arbeidet til rådet. I dette møtet vart det framheva at det er viktig å sikre lokal eigarskap til verdsarvarbeidet, og at verdsarvarbeidet må ha rammer som gir koordinator reelt handlingsrom. Det ein etterlyste var i hovudsak eit organisasjonsnummer som kunne lette verdsarvkoordinator sitt arbeid med å følge opp og ferdigstille ulike prosjekt. Rådet

var i dette møtet samde om at oppretting av ei stifting var uaktuelt og at ein heller måtte finne ei enklare organisasjonsform for det utøvande arbeidet. Før møtet 8. januar 2018 hadde Rådsleiar, verdsarvkoordinator og Fortidsminneforeningen utarbeidd eit framlegg til å opprette ei foreining, underlagt Verdsarvrådet, som skulle stå for det utøvande arbeidet i prosjekt som er initiert eller støtta av rådet.

Verdsarvrådet skipar foreininga og medlemmane i rådet er medlemmer. Då Sogn og Fjordane fylkeskommune er ein av medlemmene i rådet, vert også fylkeskommunen medlem i denne foreininga og ein av medlemmane i styret. Foreininga sitt føremål er mellom anna å syte for godt samarbeid om oppfølging av verdsarvstatusen for Urnes stavkyrkje og at dette er i samsvar med innskrivingsteksten, intensjonane i verdsarvkonvensjonen og forvaltningsplanane for verdsarvminnet og tilhøyrande område. Foreininga skal vere søkjar og tingar i prosjekt som vert initiert av Verdsarvrådet. For meir om føremålet med foreininga sjå vedlegg.

I Verdsarvrådet sitt møte 8. januar 2018 vart det gjort følgande vedtak:

- 1) Verdsarvrådet vedtok å opprette ei foreining, og tar på seg rolla som styre i denne foreininga. Leiar av verdsarvrådet går inn som leiar av foreininga, og verdsarvkoordinator som sekretær.

Skipingsmøte vert halden 5.02.18

- 2) Rådet godtok framlegg til vedtekter etter nokre endringar gjort i plenum (sjå vedlegg 1)

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin representant i Verdsarvrådet stemde i tråd med framlegg til vedtak, men tok atterhald om at saka måtte handsamast i fylkesutvalet (jf delegeringsreglementet pkt 4.5).

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Ved opprettinga av Foreininga Verdsarven Urnes og tilhøyrande område får ein reindyrka Verdsarvrådet som ein samarbeidsorganisasjon og opprette eit eige organ som skal arbeide på eit overordna plan. Foreininga Verdsarven Urnes og tilhøyrande område vert så Verdsarvrådet sitt utøvande organ som skal setje i verk prosjekt som rådet initierer. I tillegg skal foreininga vere ein ressurs for dei lokale organisasjonane som arbeider for å fremje verdsarven Urnes stavkyrkje.

Fylkesrådmannen vurderer det som hensiktsmessig å skilje det utøvande arbeidet frå Verdsarvrådet sin hovudfunksjon som samarbeidsorgan. Ved å ha eit tydeleg skilje mellom rådet som eit overordna organ og foreininga som utøvande part av prosjekt initiert av rådet vil ein få ei god og tydeleg arbeidsfordeling mellom desse to organa. I tillegg vil opprettinga av foreininga løyse utfordringa med behov for eit eige organisasjonsnummer, noko som er viktig i samband med søknadar om økonomisk støtte til ulike prosjekt. Dette vil gje Verdsarvrådet for Urnes stavkyrkje og tilhøyrande område den same strukturen som vi finn i verdsarvområde Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden der stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark er den utøvande part. Fylkeskommunen er ein av medstiftarane Nærøyfjorden verdsarvpark og sit i styret til denne stiftinga.

Foreininga Verdsarven Urnes og tilhøyrande område vil ikkje ha noko medlemsavgift og medlemmene heftar heller ikkje for foreininga sine skyldnadar. Dette gjer at fylkeskommunen ikkje har nokon økonomiske forpliktingar ovanfor foreininga.

## **3. Konklusjon**

På bakgrunn av drøftingane ovanfor rår fylkesrådmannen fylkesutvalet til å gjere vedtak i tråd med framlegg.